



Tyssebotn Johannes M
5283 Fotlandsvåg

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/553 - 23/5149

Saksbehandlar:

Martin Ivar Henden

Martin-Ivar.Henden@osteroy.kommune.no

Dato:

09.03.2023

Søknad om bygging av landbruksveg.

Osterøy kommune viser til søknad frå deg om bygging av 860 meter landbruksveg i vegklasse 8. Om søkt veg har som føremål å betre tilkomst for mjølkegeiter til og frå setra til beiteområde.

Før kommunen kan handsame søknaden er det ein del tilhøve med søknaden som må avklarast.

1. Det er søkt frå gnr. 107. bnr. 2-3. Denne eigedom finn ein ikkje i kartet. Kommunen er kjend med at tiltaket er i eit felles beite. Det er i søknaden vist til ein jordskifte dom der du skriv at mykje av beite som du etter dommen skal nytte ligg på sørsida av ura og oppetter dalen. Osterøy kommune ber om dokumentasjon på at du har juridiske rettar for å bygge vegen i eit felles beiteområde eller at partane i sameige gjev skriftleg samtykke til tiltaket.
2. Slik kommunen forstår søknaden er det ei ur som er stengsel mellom setra og beiteområde og vegen skal fungere som drifteveg for dyra. Ura som er omtalt må av merkast i kart.
3. Det er i søknaden svart ja på spørsmål om vegtraseen ligg i eit område med fare for flaum, erosjon eller lausmasseskred. Osterøy kommune ber om vurdering av tiltaket frå ein geoteknisk fagkyndig.
4. Det er i søknaden kryssa av for avvik frå den om søkte vegklassa. Det må gå fram av kartet kvar desse avvika på vegtraseen er.
5. Det er svart nei på spørsmål om naboar, rettshavarar eller andre som vedkjem tiltaket er varsla. Dette svaret krev ei grunngjeving som manglar i søknaden.

Vidare saksgang.

Når kommunen har motteke svar frå deg på dei 5 punkta over vil søknaden bli send på høyring med normalt 4- vekers høyringsfrist. Kommunen gjer så vedtak i saka.

Post

post@osteroy.kommune.no
Postboks 1
5293 Lonevåg

Kontakt

www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00
Telefaks 56 19 21 01

Konto

Org.nr. 864.338.712

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
rådmann

Martin Ivar Henden
fagkonsulent landbruk

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Mottakar:

Tysebotn Johannes M

5283

Fotlandsvåg